



Fakulteta  
Studieadministrativ avdeling  
Studentparlamentet

Referanse  
2018/1724-IDF

Dato  
05.09.2018

## Høyring: Forslag til lokal opptaksforskrift for Universitetet i Bergen

### Bakgrunn for saka

I 2017 gjennomførte PriceWaterhouseCooper (PwC) ein internrevisjon av dei lokale opptaka ved UiB, og avdekte fleire område med behov for forbetring. Opptaka var sårbare og personavhengige, det var vanskeleg for søkjarar å forstå opptakskrava og dei administrative prosessane, og det var til tider krevjande å sikre god rekruttering til å fylle studieplassane, spesielt på masterprogramma.

Med bakgrunn i funna frå revisjonsrapporten, vart det i januar 2018 sett i gang eit prosjekt ved Studieadministrativ avdeling (SA) med mål om å sentralisere opptaket til master ved UiB. I prosjektet «Sentralisering av masteropptak» er ei felles forskrift for masteropptak ved UiB vurdert som ein føresetnad for at prosjektet skal bli vellykka.

På noverande tidspunkt har ikkje UiB ei eiga opptaksforskrift, lokale opptak er regulert gjennom *Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen*. Fakulteta har i tillegg utfyllande reglar eller lokale reglement som er førande for eigne opptak, og *Reglement for opptak av internasjonale søkere* til UiB er nytta som grunnlag for sakshandsaming i det internasjonale gradsopptaket. Opptakskrava til studium på lågare grad er regulert i den nasjonale opptaksforskrifta, *Forskrift om opptak til høgre utdanning*, medan opptakskrava til det enkelte masterprogrammet normalt finst i studieplanen.

Prosjektgruppa vurderte det som føremålstenleg å utarbeide ei forskrift som skal gjelde opptak til all utdanning ved UiB, og ikkje berre masterutdanning. Det er dette forslaget til ny opptaksforskrift som no er på høyring.

### Rammar og tidsplan

Forskriften er utarbeidd av prosjektgruppa ved Svein Jarle Nymark, Ida Fauskanger og Ellen Vikersveen, i samarbeid med jurist Per Gunnar Hellesøy. Den nye

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

opptaksforskrifta skal etter planen gjelde frå 1. januar 2019.

Eit utkast til forskrifta har allereie vore sendt ut på ei førebels gjennomlesing. Prosjektgruppa har motteke kommentarar frå alle fakulteta ved UiB. Kommentarar og innspel er tatt med i det forslaget som no blir sendt på høyring. I løpet av september vil prosjektgruppa også invitere alle fakulteta til møte om forskrifta.

Det vil bli utført språkvask og gjennomgang av referansar til lovtekst før saka skal handsamast av Universitetsstyret. Forskrifta og retningslinene blir også omsette til engelsk. Forskrifta skal kunngjerast i Norsk Lovtidend, jf. forvaltningsloven § 38.

### **Tidsplan**

5. september	Forskrift og høyringsbrev er klart for utsending
1. oktober	Høyringsfrist
September	Møte med alle fakulteta
25. oktober	Vedtakssak om opptakskrav i Universitetsstyret
8. november	Sak om retningslinjer for opptak i Utdanningsutvalet
29. november	Vedtakssak om opptaksforskrifta i Universitetsstyret
1. januar 2019	Forskrifta trer i kraft

### **Mål for arbeidet med forskrifta**

Forskrifta er tenkt å gje generelle føringar som skal gjelde for opptak til alle studia ved UiB, medan utfyllande regler blir fastsett i eigne retningslinjer for opptak til UiB. Det kjem ei eiga sak om desse i Utdanningsutvalet. Nokre opptak er unnatekne i forskriften, men det vil vere eit pågåande arbeid for å få desse implementert ved seinare revisjonar av forskrifta der det er mogleg.

Forskrifta skal vere eit verktøy som bidreg til at UiB gir studieplass til dei best kvalifiserte søkjarane. Prosjektgruppa har lagt særleg vekt på at reglane skal sikre lik handsaming av søkjarar i dei ulike opptaka, og at regelverket skal vere føreseieleg. Det er også teke omsyn til at regelverket for handsaming av søknadar til UiB ikkje skal skilje seg mykje frå reglane som gjeld for nasjonale opptak, eller for opptak til institusjonar som vi kan samanlikne oss med.

Med utgangspunkt i desse momenta har prosjektgruppa laga ei forskrift som legg tydelege føringar for felles sakshandsamingspraksis, men som samtidig tek vare på ulike behov i utdanningane ved UiB.

Slik forskrifta er utarbeidd ligg vedtaksmynde for endringar i forskrifta til styret sjølv, medan endringar i retningslinene er foreslått lagt til det organet styret delegerer dette til. Heimlane i forskrifta følgjer i det store og heile frå nasjonalt regelverk, og frå prinsipp om god forvaltningsskikk og lik sakshandsaming.

## Gjennomgang av sentrale punkt i forskrifta

Under følgjer ein gjennomgang av sentrale kapittel i forskrifta, og forklaringar på dei paragrafane der fakulteta hadde kommentarar og spørsmål i førre omgang.

### Kapittel 1. Verkeområde

Dette kapitlet er ei avgrensing av verkeområdet for forskrifta, og ei avgrensing mot regelverk som elles gjeld for området forskrifta omhandlar.

Opptaka forskrifta ikkje gjeld for er anten unnatekne fordi det finst ei eiga forskrift, slik som for Praktisk-pedagogisk utdanning, eller fordi det på noverande tidspunkt ikkje er mogleg å gjere tilstrekkelege gjennomgangar og tilpassingar for at dei skal bli omfatta av forskrifta. Døme på det siste er internasjonale fellesgradar.

Opptak til etter- og vidareutdanning er også unnateken, bortsett frå opptak til erfaringsbaserte masterprogram som er inkludert i forskrifta sidan desse programma har same søknadsfrist som dei ordinære masterprogramma.

UiB har også fleire mindre «lokale overflyttingsopptak», til dømes opptak til poststudium og overgangsopptak. Felles for desse overflyttingsopptaka er at studentane som får søknaden innvilga, får ein endra studierett ved UiB. I tillegg gjer vi opptak av hospitantar, desse kvalifiserer gjennom å ha ein aktiv studierett ved andre lærestadar.

Vi ser at ein del av reglane som vert innførte med denne forskrifta ikkje passar for alle overflyttingsopptaka. Det vert derfor teke sikte på ei gjennomgang av desse opptaka, med sikte på ei standardisering og eventuell tilpassing til forskrifta i løpet av 2019.

### Kapittel 2. Minstekrav for opptak

Dette kapitlet gjeld dei formelle krava søkjarar må dekke for å bli rekna som kvalifiserte for opptak til utdanningar ved UiB.

I § 2-1 vert det vist til den nasjonale forskrifta i samband med opptaksgrunnlag til grunnutdanningar. Minstekrav for opptak til høgare utdanning i Noreg er generell studiekompetanse. I den nasjonale opptaksforskrifta er dei ulike måtane å dekke dette kravet på omtala, og dessutan også unntaka frå kravet (inkludert dispensasjon, realkompetanse, teknisk fagskule mm.).

Det er naudsynt med ein heimel for å krevje høgare engelskkunnskapar for opptak til masterprogram som blir underviste på engelsk, enn det kravet som gjeld for opptak til norskspråklege utdanningar på bachelornivå (5.0 på IELTS). Prosjektgruppa har foreslått eit nivå som samsvarar med krava som gjeld for opptak til engelskspråklege mastergradar ved m.a. UiO (6.5 på IELTS).

Det høgare engelskkravet skal gjelde ved opptak til mastergradar der det ikkje er krav om norsk, og engelskkravet skal gjelde likt for søkjarar med norsk/nordisk utdanning og utanlandsk utdanning. Eit høgare engelskkrav skal sikre at studentane er skikka til å gjennomføre eit studium på engelsk, og ta høgde for at dei ikkje har

kunnskapar i norsk slik at det også er behov for at studiekvardagen er tilrettelagd med informasjon på engelsk. Prosjektgruppa ber om ein oversikt frå fakulteta over dei masterprogramma der det er aktuelt å setje eit høgare engelskkrav. Ei slik oversikt over kva program som skal gjelde som engelskspråkelige vert lagt i utfyllande retningslinjer for opptak til UiB.

## **§ 2-2 Opptaksgrunnlag masterutdanning**

Det er naudsynt med eit felles karakterkrav for opptak til mastergrad ved UiB. Prosjektgruppa foreslår at bokstavkarakteren C skal svare til eit vekta gjennomsnitt på minimum 3,00, men er kjend med at fakulteta i dag nyttar ulike gjennomsnitt og at ei skjerping av kravet kan få konsekvensar for enkelte søkjarar. Prosjektgruppa ber om at fakulteta dette gjeld ser på kva omfanget av konsekvensar ei slik endring vil føre til, og melder inn dette med høyringssvaret. Prosjektgruppa ber også om å få tilbakemeldingar på eventuelle konsekvensar det kan ha, dersom ein heller vel å sette minstekravet til 2,50.

Vi gjer merksam på at det ikkje er mogleg for fakulteta å sette ei anna nedre karaktergrense for enkelte studieprogram enn den som vert fastsatt i forskrifta. Det er likevel slik at fakulteta kan informere søkjarar om kor stor konkurranse det er om plassane og kva som vart det relle inntakskravet føregåande år.

I etterkant av høyringsfristen vil prosjektgruppa førebu ei vedtakssak til Universitetsstyret i oktober, som omhandlar minstekrava for opptak. Her vil innspela vi mottar i høyringa verte vektlagde.

## **Kapittel 4. Kvoter og opptaksrammer**

Universitetsstyret har vedtaksmynde når det gjeld fastsetting av tal på studieplassar. Dette skjer gjennom ein vedtakssak i november kvart år. I tillegg etablerer forskrifta ein heimel for bruken av kvoter i opptak ved UiB.

Ei kvote kan vere det samla talet på studieplassar som inngår i opptaket til eit program, eller det kan være at bestemte delar av studieplassane blir fordelt blant søkjarane som tilfredstillar nærmare krav.

Eit døme på bruk av kvoter i masteropptak ved UiB, er opptaket til 2-årig masterprogram i rettsvitenskap ved Det juridiske fakultet. Her brukar ein tre kvoter, ei for kvar av dei tre lærestadene der søkjarane kan ha bachelorgraden sin frå. Studieplassane til programmet vert fordelt mellom kvotene etter bestemte prinsipp, og søkjarar frå same lærestad konkurrerer i eigne kvotegrupper. Det finst også andre døme på bruk av kvoter i masteropptak ved UiB, slik som ved Det psykologiske fakultet.

Bruk av kvoter er elles kjend frå samordna opptak som opererer med at 50 % av plassane til programma er satt av til søkjarar som nett er ferdig med vidaregåande, «førstegongsvitnemål».

## Kapittel 5. Rangering

Kapitlet gjeld prinsippa for rangering av søkjarar som dekker opptakskrava til studium, jf. kapittel 2. Føresegnene i dette kapitlet skal ivareta søkjarane sine rettar og sikra likebehandling, og ein føreseieleg prosess som kan etterprøvast.

Som hovudregel skal alle søkjarar rangerast etter konkurransepoeng. Konkurransepoeng består av karakterpoeng, som normalt vil være det vekta karaktergjennomsnittet av opptaksgrunnlaget, og eventuelle tilleggspoeng.

§ 5-2. (4) gir ei opning for å sjå bort i frå rangeringsreglane i tilfelle der ein ikkje får fylt studieplassane på eit program. I slike tilfelle kan ein velje å ta i mot søknader som er komne inn etter søknadsfristen, og gi tilbod om opptak til desse søkjarane fortløpande (rangering etter søknadsdato).

### **§ 5-3. Poengutrekning og rangering av søkjarar til 2-årige masterprogram**

Bruk av resultatutveksling og digital sakshandsaming har gjort det mogleg å hente inn resultatata til søkjarar utan at dei lastar opp karakterutskrift og vitnemål, men det er ofte ikkje mogleg å stadfeste kva som utgjer spesialiseringa til søkjarane.

For å imøtegå krava om eit enklare og meir effektivt masteropptak, foreslår prosjektgruppa at det blir rekna ut eit vekta karaktergjennomsnitt av heile opptaksgrunnlaget, jf. §2-2. Dette inneber ei endring frå tidlegare då ein berre rekna eit gjennomsnitt på spesialiseringa i graden, og ikkje på heile graden.

### **§ 5-6. Rangering studieprogram ved Fakultet for kunst, musikk og design**

KMD er for tida i gang med å gjennomgå interne reglement. Det er derfor ikkje klart om det som gjeld opptak til studieprogram ved KMD vil inngå i denne opptaksforskrifta, eller om det er behov for ei eiga forskrift for KMD.

Bachelorprogramma ved KMD er ikkje ein del av det samordna opptaket, og dei nyttar opptakskomitear for å vurdere søkjarar til både bachelor- og masterprogram.

## Kapittel 6. Opptak og tilbod på visse vilkår

Dette kapitlet gir ein heimel for å gje søkjarar tilbod om studieplass sjølv om krava ikkje er fullt ut dekkja på det tidspunktet dei får tilbodet. Det vert skild mellom *opptak* på visse vilkår og *tilbod* på visse vilkår.

*Opptak* på visse vilkår kan bli gitt til søkjarar som manglar delar av opptaksgrunnlaget (maksimalt 20 studiepoeng). Desse søkjarane får gå i gang med studiet, men mistar studieretten jf. §6-3 (1), dersom dei ikkje innfrir kravet innan gitt frist, og seinast innan 1 år.

I forskrifta er det opna for at fakulteta sjølve kan avgjere kva for program det er aktuelt å tilby opptak på vilkår til. Det er også fastsett at dette berre kan skje om det er ledig kapasitet på programmet etter at alle kvalifiserte søkjarar har fått tilbod.

Vi ønsker tilbakemelding frå fakulteta på om dette er ei ordning ein ønskjer å nytte seg av.

*Tilbod* på visse vilkår gjeld dei søkjarane som får eit førehandsløfte om studieplass, men kor tilbodet har særskilde vilkår knytt til seg. Dette kan t.d. gjelde søkjarar som ikkje får vitnemålet sitt før ettersendingsfristen, men som kjem til å få dette før studiestart. Det typiske dømet er studentar som er på utveksling i det siste semesteret sitt, på ein studiestad der det akademiske året har ein seinare sluttdato enn ved UiB. Vilkåra må vere innfridde før studiestart for at dei skal få behalde tilbodet om studieplass.

## **Kapittel 7. Felles føresegner om administrative forhold**

Dette kapitlet gjeld dei rettar og plikter som søkjarane har i opptaksprosessen. Mange av punkta er også heimla i den nasjonale opptaksforskrifta, men må likevel fastsettast i den lokale forskrifta for å også kunne gjelde for søkjarar til lokale opptak.

### **§ 7-1. Reservert studieplass**

Dette er eit tilbod for søkjarar i det samordna opptaket. Ein søkjar kan få inntil to års reservert studieplass (normalen er eitt år) ved dokumentasjon av vektige grunnar som militærteneste, sjukdom og graviditet/fødsel. Ein søkjar som får reservert studieplass, må søkje på nytt i det påfølgjande opptaket og tilbodet som går ut er ein del av den totale dimensjoneringa, men søkjaren er då sikra plass.

Ved å leggje denne paragrafen inn i forskrifta, har prosjektgruppa opna for at ein slik ordning også kan gjelde for andre opptak, og spesielt for opptak til mastergrad. Det vil vere same krav til dokumentasjon av vektige grunnar. Prosjektgruppa ønskjer tilbakemelding frå fakulteta på om det er behov for ei slik ordning, eller om behovet kan vere dekt inn av at dei aktuelle søkjarane i staden kan få permisjon frå studiet ved oppstart, når vektige grunnar er dokumenterte.

### **§ 7-2. Førehandsløfte**

Denne paragrafen er tenkt nytta for å gi tidleg tilbod (dvs. førehandsløfte, sjølvve tilbodet blir gitt i opptaket) til søkjarar som kan dokumentere behov. Døme på slike behov kan vere arbeid med lengre oppseiingstid, at søkjar må flytte med familie osv.

## **Kapittel 8. Utfyllande reglar**

§ 8-1 skal sikre ein føreseieleg prosess for endring av opptakskrav, eller andre vesentlege endringar i opptaket som får konsekvensar for søkjarane. Til dømes at studieprogram ikkje skal lysast ut.

Vesentlege endringar, spesielt endringar som er til ugunst for søkjarar må varslast minst eitt år før dei trer i kraft. Dette er for å sikre at ikkje søkjarar skal bli skadelidne av endringar dei ikkje har hatt moglegheit til å imøtegå

Fordi fleire av endringane som kjem med den nye forskrifta kan få slike konsekvensar for søkjarane våre, er det lagt inn eit punkt om at UiB pliktar å opprette overgangsreglar i dei tilfelle det er hensiktsmessig å innføre endringar innanfor dette året. Forskrifta skal gjelde frå 1. januar 2019, men fleire av endringane vil likevel ikkje kunne gjelde for det kommande opptaksåret.

### **Høyringsfrist**

Høyringsfristen er 1. oktober 2018. Medlemmane i prosjektgruppa er kontaktpersonar for spørsmål i høyringsrunden.

Venleg helsing

Christen Soleim  
avdelingsdirektør

Ida Fauskanger  
rådgjevar

Vedlegg

1 Forskrift om opptak til Universitetet i Bergen